
Fra: Marius Tenden <kontor@hamm-kam.no>
Sendt: onsdag 20. mai 2020 11:21
Til: Hanne Marie Evensen
Emne: SV: Ettersender dokumenter for eit-trinns søknad, gbnr: 434/52
Vedlegg: Tom Hella.pdf; Joar Grindheim.pdf

Hei 😊

Sjå vedlegg.

Marius

Fra: Hanne Marie Evensen <hanne.marie.evensen@alver.kommune.no>
Sendt: onsdag 20. mai 2020 09:26
Til: Marius Tenden <kontor@hamm-kam.no>
Emne: SV: Ettersender dokumenter for eit-trinns søknad, gbnr: 434/52

Hei

Ja, fint om du ordner en kjapp tilbakemelding på at naboer samtykker til tiltaket der bekrefter å ha mottatt oppdatert informasjon om tiltak, situasjonskart osv.

Hanne Marie Evensen | Juridisk rådgjevar byggjesak

Telefon: 56 17 11 69

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

Fra: Marius Tenden [<mailto:kontor@hamm-kam.no>]
Sendt: tirsdag 19. mai 2020 12:17
Til: Hanne Marie Evensen
Emne: SV: Ettersender dokumenter for eit-trinns søknad, gbnr: 434/52

Hei.

Det var berre teksten i dispensasjonssøknaden, for nettopp å sleppe å varsle fleire gangar skreiv eg det sånn att naboar skulle vere klar over att på dei endelege teikningane vart det mindre endringar. Sjå vedlagt bilete av teksten til nabovarselet, her er nemnt plassering av avkjørsle, høgde og planlagt høgde i terreng mot veg.

I tillegg er det berre 3 naboar; son av tiltakshavar (tidligere tiltakshavar sjølv, eigedomen er overført), 1 nabo og dykk (kommunen).

Her skal alt vere ok, det er ikkje mogleg med konflikt, naboar er informert og einige.

Om du vil kan eg og få ein kjapp tilbakemelding med samtykker til tiltaket.

Marius

Fra: Hanne Marie Evensen <hanne.marie.evensen@alver.kommune.no>
Sendt: tysdag 19. mai 2020 11:54
Til: Marius Tenden <kontor@hamm-kam.no>
Emne: SV: Ettersender dokumenter for eit-trinns søknad, gbnr: 434/52

Hei

Jeg har gått gjennom alle dokumentene og ser at tidligere nabovarsel opplyser at det kun søkes om dispensasjon fra arealformålet og at det senere vil bli varslet på nytt når det skal søkes om byggeløyve. Ettersom situasjonskartet som du sendte inn forrige onsdag 13/5 viser både bolig og tilkomst, så krever dette ny nabovarsling (med oppdatert informasjon).

Ved nabovarsling må det settes en frist minst 2 uker frem i tid for merknader, og det gjør dessverre at denne saken må behandles i APM i september, og ikke nå i juni.

Hanne Marie Evensen | Juridisk rådgjevar byggjesak

Telefon: 56 17 11 69

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



Fra: Marius Tenden [<mailto:kontor@hamm-kam.no>]
Sendt: onsdag 13. mai 2020 09:54
Til: Hanne Marie Evensen
Kopi: Postmottak Alver
Emne: Ettersender dokumenter for eit-trinns søknad, gbnr: 434/52

Hei!

Sjå vedlegg.

Då skal det samla vere komplett eit-trinns søknad.

Når det gjeld tinglysing av rettigheit (ref. brev sendt 04.02.2020 fra Bente Førland på VA) var dette gjort i 2016 ifbm. frådeling av eigedom, dette har ikkje eg fanga opp.

Jf. vedlegg Q2 er teksten i grunnboka til gbnr: 434/5;

Best. Om vann/kloakkledn.

Rettighetshaver: KNR: 4631 GNR: 434 BNR: 52

Tiltakshavar hadde ikkje dei tinglyste dokumenta, men han har bestilt dei av kartverket, så om de ynskjer det kan me ettersende.

Kartverket rekna med att tiltakshavar skulle ha dei i hende i neste veke, han kunne ikkje få dei per mail.

Kunne du vidaresendt informasjonen til Bente Førland?, eg hadde ikkje direkte adressa hennar, og det har vore så mange involvert, så ynskjer att det kjem på rett plass med ein gang.

Gje ein lyd om noko manglar, ha ein fin dag 😊

Marius